



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

Møtebok Balestrand sokneråd (SR).

Møtedato: 15.04.21

Møtetid: Kl. 19:30-21:30

Møtestad: Kyrkjestova

Desse møtte: Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Per Tusvik, Kristi Nygård, Helge Ulvestad, Jan Herland

Forfall: Anne Karin Solheim

Vara: Jan Herland

Saker:

25/21: Godkjenning av innkalling.

26/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Viser til **vedlegg**.

27/21: Orienteringssaker:

- Facebooksida til Balestrand Sokn: Det går mot samanslåing med Sogndal kyrkjekontor når det gjeld FB sider for alle sokna. Kari tek ansvar for at sida vår er oppegående til går til ny side er etablert.
- AU har fastsett dugnad på kyrkjene / kyrkjegardane til:
 - Sæle 12. mai
 - Evt. Kvamsøy 19. mai. Kor vidt det vert dugnad avheng av kva som vert gjort av den som har fast tilsyn. Vert avklara med vedkomande.
 - Tjugum: 5. mai

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitande.

Annonsering: Facebook, SMS frå kyrkjekontoret. Helge lagar framlegg til Facebook innlegg. Omtale dei ulike dugnadstiltaka og få fram at det er arbeid i alle kategoriar. Oppmode om å ta med kaffi og nistepakke.

- **Arbeid som ikkje kan takast på dugnad**

Helge tok opp spørsmål om flg 3 prosjekt kan finansierast dersom det er att disposisjonsmidlar til rådvelde for Balestrand sokn. To av prosjekta er presserande pga vatn trenger inn på treverket og vil forårsake større reperatur og kostnader på sikt.

- Arbeid med vegg ved hovudinngang og mailing, evt reperatur av rundt glas. Stipulert til kr 12 000 + mva.
- Glas mot riksveg: kr 15000 + mva

- Vannbord og vegger ved sakristi. Ikkje prisvurdert, ikkje mest prekært.

Vedtak:

Helge sjekkar om restmidlar frå disposisjonsfond for Balestrand står på pott for Balestrand eller er gått inn i fellespotten. Dersom midlane er øyremerka Balestrand, vil soknerådet vere sentral i avgjerd om bruken av midlane og soknerådet ynskjer saka til uttale.

28/21: Evaluering av påsken

Alle arrangement var nedstengt, berre digitale arrangement.

Facebooksida: Har vore svært aktiv med varierte tiltak. Opplisting av filmar kan vere aktuelt vidare, evt. med omtalar av filmar.

AU ønskjer tilbakemelding og drøfting frå SR av tiltaka i påsken.

Vedtak:

Soknerådet gav honnør til gjennomføringa av 'digital påske' med presentasjonar m.a på Facebook.

29/21: Sal av påskevandringer

Totalt seld 41 eksemplar av serien Via Dolorosa og 20 av Via Lucis. Sistnemnde var laga i 2020.

Samla overskot er på om lag 34 925.

Fordeling av overskot vert drøfta i soknerådet, Kjetil informerer.

Vedlagt rekneark syner detaljar i rekneskapen og har framlegg til fordeling av overskotet.

Vedtak: Orienteringa vart tekne til vitande. Soknerådet gav applaus for tiltaket og særleg takk til Kjetil som har tatt initiativ og organisert prosjektet.

Overskotet vert fordelt med kr 20 000 til NMS og kr 8656 går til Balestrand sokneråd.

30/21: Årshjul for kyrkjelyden

Årshjulet inneheld samla kyrkjeleg aktivitet gjennom året og er del av dokumentet *grunnleggande retningsliner for Balestrand sokn*.

Årshjulet er no ferdig gjennomarbeida av staben. Viser **til vedlegg**. Kjetil går gjennom i SR møtet. Det inviterast til innspel og drøfting.

Orientering:

- Årshjulet inneheld kyrkjelege tilskipingar for kvar månad og er sett opp av Kjetil, Magni og Jostein. Årshjulet er eit godt reiskap for soknerådet som orientering om kva som foregår. Årshjulet er no særleg viktig ettersom ein ikkje lenger har støtte av kyrkjevevje slik ein hadde før.
- Kari gjer forslag om at årshjulet kan nyttast som grunnlag til saksliste til AU og SR i tillegg til ekstrasaker som alltid vil komme.

Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande og SR støtta framlegg til bruken av årshjulet.

31/21: Plan for gudstenester utover våren.

1. AU gjer framlegg om at soknerådet ber kyrkjekontoret om å lage eit utkast til felles plan for alle sokna for gjenopning etter smitterestriksjonane. Planen kan brukast som utgangspunkt for vidare planlegging i det einstilte sokn.
Etter gjeldande gudstenesteplan vert første ordinære gudsteneste den 24. april.

Orientering til SR: Saka er teken opp med felleskontoret.

Etter soknerådsmøtet skriv Kjetil i mail flg. tillegg til referatet:

«Etter soknerådsmøtet har eg tenkt litt på korleis vi gjennomfører gudstenestene framover. Kari og eg har drøfta det, og eg har landa på at:»

Gudstenesta 25. april vert i Tjugum kyrkje.
Det vert påmelding.
Så vil påmeldinga syne om vi kan ha salmesong eller ikkje.
Det vert nattverd i gudstenesta.

Sundag 2. mai kl 11.00 Gudstenesta vert i Sæle kyrkje (flytt frå Tjugum kyrkje)

Helgetrosdag 13. mai kl 11.00 Tjugum kyrkje (som planlagt)
17. mai: Utandørs gudsteneste i hotellhagen og evt ei ekstra gudsteneste i Fjordane
(Her samordnar vi med 17. mai-nemndene i Fjordane og i Holmen.)

I soknerådsmøtet 9. mai veit vi meir om korleis det vert på 17. mai og vidare framover.

Vedtak i møtet:

Første gudsteneste vert 25 april og vert lagt til hagen ved Kvikne hotell.
Gudstenesta den 02 mai vert flytta til Sæle.

Framlegg til vedtak etter nytt innspel:

Gudstenesta 25. april vert i Tjugum kyrkje.
Det vert påmelding.
Så vil påmeldinga syne om vi kan ha salmesong eller ikkje.
Det vert nattverd i gudstenesta.

Sundag 2. mai kl 11.00 Gudstenesta vert i Sæle kyrkje (flytt frå Tjugum kyrkje)

Helgetrosdag 13. mai kl 11.00 Tjugum kyrkje (som planlagt)
17. mai: Utandørs gudsteneste i hotellhagen og evt ei ekstra gudsteneste i Fjordane
(Her samordnar vi med 17. mai-nemndene i Fjordane og i Holmen.)

I soknerådsmøtet 9. mai veit vi meir om korleis det vert på 17. mai og vidare framover.

Dei som har merknad til framlegget som er kome fram etter møte, melder frå til Kari innan 2 dagar etter referatet er sendt ut.

2. Ekstraordinær gudsteneste:

AU gjer framlegg om å halde ekstraordinær gudsteneste den 18. april med feiring av gjenopning etter stenging som flg. av covid19. Ogso tenkt som 'påskegudsteneste på etterskot'. Ettersom dette er ekstra gudsteneste utanom gudstenesteplanen, føreslår ein å legge til grunn frivillig innsats frå alle involverte for å unngå ekstra kostnader. Organist og kyrkjetenar må spørjast om dette. Avklaring om gudstenesta kan gjennomførast får ein etter nærare informasjon om smitteverrestriksjonar den 14. april

Orientering v Kjetil: gudstenesta den 18. april må utgå pga kollisjon med møte på Bedehuset.

3. Opa kyrkje i St Olavs – lesekveldar i samarbeid med Vener av St Olavs. St Olaf skal vere open kyrkje frå onsdag 19. mai. AU gjer framlegg om opne 'lesekveldar' tre gonger i veka der ein les eitt kapittel av Markus evangeliet. Første lesing 18 mai. Vidare kvar tysdag torsdag og søndag.

Orientering v Kari:

St Olaf kyrkje er positiv til lesekveldar.

Lesingane vil gå tysdag, torsdag og søndag kl 20:30.

Kjetil har laga liste på oppgåver for soknerådet kring lesingane.

Kyrkjevært: må møte kl 20, første kveld 23. mai.

4. AU ynskjer òg å drøfte med SR kva ein gjer vidare med 'digitale tiltak' når kyrkjene vert opna vidare. Digital plattform er kome for å bli på dei fleste felt i samfunnet. SR støtta tanken om at vi vidarefører digital plattform for Balestrand Sokn.

5. Gudsteneste på Holmevasshytta.

Balestrand Sokn er utfordra til å skipe til det årlege stemnet på Holmevasshytta på Gaularfjellet.

Holmevasshytta er eigd av KFUM/KFUK. Den var bygd for mange år sidan for at kyrkjelydane på kvar side av fjellet kunne møtast til stemne og den har vore brukt til leiararbeid. Den er pussa opp i seinare år, vert leigd ut og der er årlege stemner som går på omgang mellom kyrkjelydane.

Leiar for KFUM/KFUK i Førde skriv

Vi hadde dialog i fjor angående Holmevasshyttestemne. I fjor var det suksess med kanonfint vær og over 40 personar som møtte der oppe. **I år vert Holmevasshyttestemne arrangert 15. august** og etter samarbeidsavtalen mellom KFUK KFUM Sogn og Fjordane, Balestrand og Gaular sokneråd så er det Balestrand sokneråd som har ansvar for denne dagen i 2021.

Etter avtalen så stiller soknerådet med prest/liturg og muskar og annonserer gudstenesta i sitt område.

Når opplegget er klart så hadde det vert greitt om vi kunne fått det slik at vi kan marknadsføre det i våre kanalar. Ta gjerne kontakt visst noko er uklart

Stein Robert Osdal

dagleg leiar

Soknerådet må ta stilling til om ein tek ansvar for stemnet og kven gjer kva.

Vedtak:

Balestrand Sokn tek ansvar for gudstenesta på Holmevasshytta dette året. Kjetil og Jenny vert vald som komitè for gudstenesta.

32/21: Konfirmasjonsdatoar 2022

I flg. retningslinene skal SR vedta dato for konfirmasjonane. Kjetil orienterer om moglege datoar i møtet.

Vedtak: Konfirmasjon på Tjugum 15. mai og Sæle 22. mai. Samrøystes vedteke.

33/21: Avtalekyrkjelyd – Saman som Kyrkje.

NMS oppmodar alle sokn som har misjonsprosjekt om å delta i aksjonen ‘Sammen som kirke i hele verden’. Aksjonen er eit verktøy for å styrke kyrkjelyden eige misjonsprosjekt og vil gi drahjelp for å sette fokus på prosjektet med forbøn og innsamling til prosjektet.

Les vidare **på eige vedlegg.**

Soknerådet må ta stilling om ein vil delta i aksjonen.

Vedtak:

Balestrand sokneråd vel ikkje å delta i aksjonen.

34/21: Årsrapport og årsmøte.

Årsmøtet vert utsett grunna framleis strenge restriksjonar.

Med atterhald i restriksjonane gjer ein framlegg om å utsette til 06. juni.

Vedtak: Framlegget samrøystes vedteke.

35/21: Val av sekretær.

Helge ber om å få avløysing som sekretær.

Kari førebur saka og orienterer.

Saka utsett. Helge held fram ut året og valet vert utsett til då.

36/21: Ymse

- **Kyrkjelydsweekend Lyngmo.**

Weekenden er utsett frå komande haust. AU har hatt tankar om å flytte til vinteren med vinteraktivitetar. Lyngmo er kontakta og har gitt flg svar:

Me er glade for å kunne tilby dykk plass på Lyngmo 11. – 13. februar 2022. Reknar med ca. likt opplegg som sist. Ber om ei stadfesting om me skal reservere denne helga for dykk!

Vi må ta stilling til om vi går for vinterweekend og skal reservere Lyngmo.

Vedtak:

Balestrand sokn stadfester helga den 11. – 13 februar. Jenny kontaktar.

- **Bruk av AU i førebuing av saker:**

Kari orienterte om tankar kring bruk av AU kontra bruke heile soknerådet. Med bruk av årshjul og andre deler av grunnleggande retningslinjer, kan ein lettare ta alle drøftinga direkte i soknerådet. Slik det har fungert no, gjer AU grovarbeidet utan at resten av soknerådet får reelt delta i sakene. Redusert bruk av AU vil aktivere heile soknerådet. Ein kjem attende til slik organisering.

- **Europeisk konfirmasjonsprosjekt:**

Vedtak: Balestrand Sokn ynskjer delta i prosjektet.

Med venleg helsing
Kari Kvikne
-leiar-